# VOSS VIDAREGÅANDE SKULE

TIL
HORDALAND FYLKESKOMMUNE
OOPPLÆRINGSAVDELINGA
SEKSJON SKULE
POSTOPSTBOKS 7910

Dato: 28.06.2018
Vår ref.: 668/ /SVST
Dykkar ref.Epost 24.05.18

**RAPPORT OM MIDLAR TIL GRATIS SKULEFRUKOST – BUDSJETTÅRET 2018**

***Eg viser til epost frå 24.05.18 vedk rapport om midlar til gratis skulefrukost for skuleåret 2017.***

Voss vgs (VVS) fekk 21.03.17 etter søknad, tildelt kr. 200 000 til gratis skulefrukost for 2017.
Me har nytta desse midlane frå april 2017 og fram til i dag med å tilby alle elevar gratis morgongraut i kantina kvat veke i vekedagane måndag til torsdag.
Det gratis skulefrukost-tilbodet har vore ein suksess frå fyrste dag, og vert nytta av både elevar som bur på hybel, på internart og også for dei elevane som bur heime.
I snitt pr dag, har kantina servert mellom 70- 80 tallerkar med morgon-graut. Dette er me veldig fornøgde med.

Rett før avslutning av skuleåret 2016-17 gjennomførde me ei lita evaluering av tilbodet om gratis skulefrukost. (sjå vedlegg). [1]

I evalueringa kjem det fram at om lag 70% av dei spurde elevane har nytta seg av tilbodet om gratis graut kvar dag. Og overraskande, så svarar 1/3 av elevane at dei *ikkje hadde ete frukost* dersom dei ikkje hadde hatt dette tilbodet på skulen. Det er også interessant å sjå at også elevar som bur heime, nyttar seg av dette tilbodet (34%)
Dette viser tilbodet om gratis skulefrukost vert nytta og ikkje minst at det er eit sterkt behov for å vidareføra tilbodet.

Med bakgrunn i erfaringane me har tileigna oss det siste året, og ikkje minst svara me får i evalueringa frå elevane, vurderer me dette som eit svært viktig tiltak både for å skapa eit betre elevmiljø og ikkje minst eit betre læringsmiljø

Med venleg helsing

Svein Inge Styve
rektor

[1] Evalueringa vart gjort i kantina 14.juni – og 50 elevar leverte svararket

Voss vidaregåande skule
Strandavegen 251 - 5710 SKULESTADMO
Epost: nye.voss.vgs@hfk.no